



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for november 2010.

Årgang 46

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Vigdis Riise  
Visepres: Magnar Hatløy  
Sekretær: Odd Arne Holstad  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Oddvar Haugen  
Styremedlem: Anders Riise  
Styremedlem: Jarle Kristiansen  
Ansv.red.: Håvard Myrene  
Referent: Hallkjell Dahle

## Fødselsdagar i november:

Oskar Grimstad	8. november
Arne Lillebø	24. november
Egil Utgård	26. november
Gunnar Riise	28. november
Arve. R. Røyset	29. november

Frammøteprosent i nov: 70,8 %

---

---

## VINTERVISE

Og nu har det sned i hele nat,  
så nu er her hvitt over mark og knat,  
og nu får vi føre i skov og på vei,  
så kan vi få tømmeret kjørt ned fra hei,  
den sagen er grei.

Du Ane du, -- tro hvor nu skindlue er?  
og hvor har vi gjemt mine vinterklær?  
og lovåtterne med en tommeltot på --  
forleden dag de på loftsgulvet lå,  
nu gjorde de så!

Og giv mig så endelig kaffespand med,  
og stik nogle smørbrød i lommen ned.  
Og hav så færdig lidt varmt til ikveld.  
Ajjøs da, farvel!

Hoja! Det såmæn nokså bra,  
at komme sig lidegran hjemmefra.  
Jeg tror det er reneste helsebod, når  
det fryster så farligt, at rimfrosen står  
i skjæg og i hår.

Ja det er så snodigt slig midtvinters da,  
en blir så besynderilg sjælegla'.  
Og solen skinner velsignet ned,  
og dombjælden synger det bedste den ved,  
og jeg synger med.

*Hans Jørgen Krag*

---

# Hareid Rotary Klubb

## Månadsbrev November måned 2010

### 1. november - Guvernørbesøk og røyrafest

President Vigdis ønsket rotaryanarar og ektefeller velkomne til den årlige 'røyrafesten' på Holesanden,- og spesielt velkommen til distriktsguvernør Torbjørn Akersveen frå Trondheim, som tradisjonen tru var invitert,- og møtte på dette arrangementet.

Røyrafesten gjekk etter tradisjonelt mønster.

Der var rikeleg med fisk og måltidet var veldig bra.

Bigset Blandakor hadde 2 avdelingar med song under sin dirigent Fred Røyset.

Leiv Arne Grimstad laga eit intervju med distriktsguvernøren der han m.a. fortalde litt om seg sjøl og sin bakgrunn frå det militære i Trøndelag. I foredraget sitt fokuserte han på sjølve Rotaryideen. Han presiserte m.a. at Rotary er eit yrkesbasert nettverk innanfor etiske ramer. Rotary har klubbar i 200 land og er ein serviceorganisasjon med formål å gagne andre. Dette kom på trykk i Vikebladet Vestposten nokre få dagar etterpå. I tillegg la Oddvar ut bilete på nettsidene til Hareid Rotary.

Avslutningsvis vart Oddny og Håkon Brekke "klappa fram på golvet" ettersom Håkon i år hadde fiska omtrent all røyren åleine !!

### 8. november - Årsmøte

Kasserar, Johs J. Hareide, la fram klubben sitt rekneskap for 2009/ 2010 som vart godkjent av klubben sine medlemar.

### 15.november - Egoforedrag v/Eileen Hareide Brandal

**Eg var fødd 6.januar 1971 i Volda,- og har 2 søsken: Elias f. 1972 og Margrethe f. 1977. Foreldra mine er Eldar og Hilde (Frøysa) Hareide.**

Mine to første år bodde eg i Trondheim, men er oppvaksen i Eliasgarden på indre Hareid. Her hadde eg,- og har framleis,- mi nære slekt: farmor og farfar (Endre og Laura), tante Olli, og tanter og onklar i nabolaget. Mormor og morfar (Einar og Anne) bor på Bigset

Barndomen min var fylt med mykje aktivitet. På garden hjelpte vi til med m.a. hesjing, solding og setting av poteter. I tillegg hadde vi både sauer, kalvar og

nokre få hestar som vi var med på å sjå etter. Vi fekk også vere med på sauesanking som var ein spennende aktivitet...

Ellers hadde vi fleire år Jonsokfeiring i Elias-løa. Det var populært og mykje folk var til stades på desse arrangenta .

Opp gjennom åra vart det deltaking i mange interessante fritidsaktivitetar. Eg kan nemne:

musikk-barnehage,	barneforening (tante Olli),
turn (Signe-turn),	jazz-ballett,
korps,	fridykking,
handball,	fotball,
badminton,	orkester og kor

Gjennom stor aktivitet i alle desse disiplinane fekk eg masse nye vener.

Ungdomstida var også prega av musikk og nye venner,- gutar og jenter.

**Skulegang** etter ungdomsskulen;

**Kristiansund**, Atlanten vidaregåande skole, Musikklinje.

**Ulsteinvik**, Ulstein vidaregåande skule, Handel&Kontor, Rekneskap.

**Ålesund**. Høgskolen. Bedriftsøkonomisk og Skipsadministrativ linje.

Flytta til Kristiansund som 16 åring, og bodde der i ca ½ år på ein liten hybel på Nordlandet.

- Musikk-gymnas, - einaste i fylket
- Hovudfag – sang
- B-instrument – Oboe
- Obligatorisk – piano og kor

Flytta heim i februar (pga sjukdom),- og jobba fram til neste skulestart.

### **Gift med Karsten Brandal**

- ▶ Traff han som 16 åring, - og vi gifta oss før eg vart 19 år.

### **To born**

- ▶ Marcus Endrê, født 03.07.94
- ▶ Martine Olin, født 15.10.97
  
- ▶ Marcus går no første år på gymnaset
- ▶ Martine går første år på ungdomsskulen





Bygde hus i Eliasgarden, - på byggefeltet Bruland, i 1999.

Etter Høgskulen i Ålesund var det over i arbeidslivet;

1992, Høgskulen i Ålesund, Sjukepleiarhøgskulen, Resepsjonen.

1992, Høgskulen i Ålesund, Videreutdanninga, Kurskoordinator.

09.12.92, tilsett i ODIM som vore min arbeidsplass sidan,- med unntak av eit intermessio frå juli til desember 2003,- då eg var leiar for kundesenteret i Tussa 24.

**ODIM** Her er dei ulike jobbane mine i denne bedrifta opp gjennom åra;  
**Driftssekretær**, -arbeid med stålbestillinger, QA, lælinger  
**Salgssekretær**, - arbeid med salg av deler, -og forberedelse av messer  
**Fakturering**, - fakturering av deler og service jobber  
**Service koordinator**, - sende ut service ingeniører på ulike jobber, - oppsummering  
**Kontorleder**, - nytt kontor på Hareid, avdeling ODIM Hitec Solutions  
**Assistent for Konsernsjef og Daglig Leder**  
**Sales Engineer / Marketing** , - salg av deler/WEB/brosjyrer/messer  
**Business Unit Manager**, After Sales & Service (utskilt til egen avdeling)  
**Vice President After Sales & Service**  
**Vice President Sales & Marketing Global After Sales & Service**

**Rolls-Royce oppkjøp, april 2010. - spent på fortsettelsen.. !**

ODIM er no ein del av **Rolls-Royce**. Dette storkonsernet har ein fleirfunksjonell organisasjon som er bygd opp rundt teknologi og nyutvikling og skal bli 'uslåelige' på grunn av deira evne til å skaffe kundane sine eit enno større produkt-spekter og ekspertise i verdsklasse.

ODIM er ei verdsomspennande teknologigruppe som designer og produserer avanserte og automatiserte handterings-løysingar innan offshore olje og gass, samt naval og power generation (Nuclear) markedene.

Største marknaden i ODIM har historisk sett vore innan seismic, -med 35års erfaring, -og i tillegg har produktpakker innen undervannsteknologi, brønn-intervensjon og oceanographic vorte utvikla og kommersialisert dei siste ti åra.

## 22.november – presentasjon av Vakkerstøylen v/Otto Holstad

### *Vakkerstøylen eit historisk tilbakeblikk.*

Vakkerstøylen ligg ved Hånådalsvatnet, eller i daglig tale Ulvådalsvatnet, 865 m.o.h. Byggeår 1928. Der er mange vegar som fører fram til hytta. Kortaste og lettaste vegen er å køyre av vegen ved Bjorli og kjøyre til Tunga seter, derfra går råsa langs vatnet. Det er ein spasertur på ca. 2 timar.

Otto Holstad har vore hyttevakt på Vakkerstøylen i 1 vike pr. år i 5 år. I tillegg har han 1 vike pr. år på Danskehytta i 4 år. Otto har teke masse bilder på turane sine i Tafjordfjella saman med familien.

Vakkerstøyl-hytta



Hyttevakt, Otto, poserer ved inngangen til hytta.

Vakkerstøylen er Ålesund og Sunnmøre Turistforening (ÅST) si andre hytte, og kom opprinneleg frå plassen Olastakeng på Verma i Romsdal. Bygninga som er frå 1800 talet var bolig for smeden Martin Olastakeng, og vart også brukt til omgangsskule. Det er ei gamal hytte, så når der er fullt belegg kan det knirke litt både her og der, og då seier mange at smeden er ute og går.

Ola Brøste kjøpte huset på auksjon i 1927, og etter avtale med ÅST skulde han demontere bygget og frakte det til Vakkerstøylen, der det skulde gjenreisast. Ola hadde transporterfaring fra før, då det var han som frakta Pyttbua på plass eit par år tidligare. Bygningsdelene vart transportert med hest og slede på vinterføre. Ola hadde hestar som var vande med å gå på truger. Ola hadde fem mann i arbeid med gjenreisninga. Det var blant andre tømrrarane John Rødstøl og Ingvald Brudeli, som også hadde sett opp Pyttbua i 1925.



I 1947 vart hytta utvida i høgda. Taket vart då jekka opp og det vart lagt inn sju åtte omfar med stokkar. Dermed vart det eit romselig loft med ein herresal og ein damesal. Hovedansvarlige for arbeidet var dei same som hadde bygd opp hytta i 1928, nemlig Rødstøl og Brudeli. Vidare vart kjøkkene utvida, samt at hytta fekk ny inngang fra sør.

I 1965 var det duka for ny stor utbygging. Heile loftet vart isolert og panelt, damesalen vart innreia til tre soverom med åtte sengar. Det vart bygt nytt vedskjul, og doen som lenge hadde vorte kalla "vannklosett" vart flytta opp frå elva. Året etter vart herresalen inndelt i eit seksmannsrom og eit firemannsrom. I 1974 vart det sett inn nye doble vindu i heile hytta.

I 1982 vart taket lagt om, med nytt tro og nytt torv, samt murt ny pipe. Eit stadig tilbakevendande problem var å skaffe nok ved til oppvarming og matlaging. Ikkje alle grunneigarane i nærheita var villige til å selge, slik at veden ofte måtte fraktast langt. Noko av problemet vart løyst i 1959 då det vart anskaffa propangassapparat.

Hytta var betjent fram til 1961. Det var vanlig då at turistforeninga leigde ei eller fleire kyr i sesongen for å ha mjølk og fløte til matlaginga. Kyrne hadde tilhold på Reinsminne like ovanfor hytta.

Ein sumar Otto Holstad var hyttevakt på Vakkerstøylen kom der ein professor frå Østfold. Denne karen hadde forska på Olav den heilage. Han fortalde at sagaen sa at HeilagOlav vinteren i 1029 gjekk fram Valldalen og over Trollstigen på veg mot Stiklestad. Men han meinte at han kunne bevise at ferda gjekk fra Grønningsetra over Tjønnene ned Ulvådalen og overnatta på Trollstølen. Han meinte at Trollstølen var einaste plassen der kongen med 500 menn kunne ha overnatta. Så gjekk ferda vidare over Hjerkin. Dette var mulig på vinterstid meinte denne karen.

Turistforeninga hadde kjøpt ei tomt på 1590 m<sup>2</sup> innkl. nausttomt med den legendariske bjørn- og reinsdyrjegeren Johan Alnes fra Rauma. Johan var gift med Marit født Monge, som var budeie på Trollstølen som ligg litt lenger vest i same området. Marit hadde fått hand om området rundt Vakkerstøylen i forbindelse med eit arveoppgjær. ÅST betalte kr. 300 for tomta. Hytta vart innvigd i 1928 og hadda 12 sengeplassar.

Dei fyrste somrane dreiv Marianne og Ola Brøste hytta. Bygninga var opprinneleg lavare enn dagens,- og hadde berre eit lavt loft over hovedetasjen.

Drengane hadde tilkomst til loftet utanfrå, gjennom ein stige til vindauge mot aust, medan kjøkenpersonalet hadde tilgang til den andre delen av loftet via ein stige fra kjøkenet.

### **29.november - programfritt**

Oddvar leia dette møtet i presidenten sitt fråver